

## Minstesatsar

Gjeldande frå 1. januar 2023

### Honorar

Oppdragsgjevaren må gjerne honorere høgare enn minstesatsane, forfattaren står alltid fritt til å be om eit høgare honorar. Vi formidlar ikkje oppdrag under minstesatsane.

### Reise, opphald og diett

Reise, opphald og diett (statens satsar) kjem i tillegg til honoraret. Oppdragsgjevaren og forfattaren må gjerne avtala eit tillegg for lang reise eller miljøvennleg reise.

### Vilkår

Faste vilkår i avtalene våre:

<https://forfattersentrum.no/honorarsatser/>

### Tillegg for lang reise: frå kr 2 200

Tillegget blir brukt når forfattaren er tilbydd eitt oppdrag og reisetida er lengre enn fire timar kvar veg (med raskaste reisemåte). Tillegget skal avklarast mellom oppdragsgjevaren og forfattaren ved inngåing av avtala.

### Tillegg for miljøvennleg reise: frå kr 400

Oppdragsgjevaren kan premiere forfattarar som bruker miljøvennleg reisemåte.

Oppdragstype	Minstesats	Forklaring
<b>Kort opplesing</b> (under 30 minutt)	frå kr 3 100	Forfattaren les frå si eiga bok eller tekst. Forfattaren kan gjerne presentere opplesinga kort. Om forfattaren blir invitert til å fortelja om ei bok eller forfattarskapet sitt, bruker ein satsen for forfattarbesøk / lang opplesing. Om forfattaren er den einaste deltakaren og har det berande ansvaret for innhaldet i arrangementet, bruker ein satsen for forfattarbesøk / lang opplesing.
<b>Forfattarbesøk / lang opplesing</b> (under 60 minutt)	frå kr 4 100	Forfattaren fortel om ei eller fleire av bøkene sine eller kva som inspirerer skrivinga. Forfattarbesøket vekslar gjerne mellom presentasjon og bolkar med opplesing. Arrangementet kan òg vera forma som ei lang opplesing. Forfattaren les frå si eiga bok eller tekst. Nokre forfattarar opnar for spørsmål frå publikum.
<b>Kåseri</b>	frå kr 6 200	Forfattaren kåserer om eit tema eller ei sak. Kåseriet er godt førebudd, det har eit munnleg preg og treng ikkje å ha eit skriftleg manus. Om deltakinga krev eit utførleg og nyskrive manus, bruker ein satsen for originalskrive foredrag.



<b>Foredrag – originalskrive</b>	frå kr 10 000	Foredraget er skriva spesielt for arrangementet. Eit skriftleg gjennomarbeidd manus dannar grunnlag for framføringa. Publisering av manuset i skriftleg form skal honorerast i tillegg. Satsen kan òg brukast til å honorere spesialbestilte taler, festtaler og liknande.
<b>Foredrag – gjenbruk</b>	frå kr 6 200	Forfattaren framfører eit foredrag som er brukt tidlegare. Om forfattaren må skriva mykje nytt stoff eller gjera om på vinklinga, bruker ein satsen for originalskrive foredrag.
<b>Litterær samtale – deltakar</b>	frå kr 5 100	Ein eller fleire forfattarar blir invitert til å samtale om ei bok, forfattarskapet eller litterære tema. Ein samtaleleiar stiller spørsmål og styrer tida. Bolkar med opplesing kan inngå i samtala. Om to forfattarar blir bedne om å leie samtala sjølve og ha likeverdig fokus på kvarandre, honorerer ein båe med satsen for samtaleleiar.
<b>Litterær samtale – samtaleleiar</b>	frå kr 6 700	Ein samtaleleiar møter ein eller fleire forfattarar til samtale om forfattarane sine bøker, forfattarskap eller litterære tema. Bolkar med opplesing kan inngå i samtala. Samtaleleiaren har ansvar for å førebu spørsmål og å styre tida. Det er ynskeleg at samtaleleiaren tek kontakt med deltakarane i førekant av arrangementet for å skissere ein plan for samtala og svara på eventuelle spørsmål.  Om to forfattarar blir bedne om å leie samtala sjølve og ha likeverdig fokus på kvarandre, honorerer ein båe med satsen for samtaleleiar. Om deltakinga krev inngåande forarbeid, for eksempel at samtaleleiaren bør lesa seg opp på fleire bøker for kvar deltakar, skal ein bruke satsen for litterær samtale med djupdykk.
<b>Litterær samtale med djupdykk – samtaleleiar</b>	frå kr 9 800	Ein samtaleleiar møter ein eller fleire forfattarar til samtale om forfattarane sine bøker, forfattarskap eller litterære tema. Bolkar med opplesing kan inngå i samtala. Samtaleleiaren har ansvar for å førebu spørsmål og å styre tida. Satsen blir brukt for oppdrag som krev inngåande forarbeid, for eksempel at samtaleleiaren må lesa seg opp på fleire bøker eller setja seg grundig inn i ein tematikk eller eit heilt forfattarskap.
<b>Paneldebatt – deltakar</b> (minst 3 deltakarar)	frå kr 3 200	Tre eller fleire deltakarar møter kvarandre til ordskifte om eit på førehand bestemt tema eller sak. Deltakarane argumenterer for ein ståstad eller ei meining. Korte saksinnlegg kan inngå i debatten. Debatten har ein leiar som styrer diskusjonen. Om deltakinga krev inngåande forarbeid, for eksempel lengre saksinnlegg eller mykje research, skal dette avklarast og honorerast høgare.
<b>Paneldebatt - leiar</b>	frå kr 5 200	Leiaren for paneldebatten styrer ordskiftet mellom tre eller fleire deltakarar. Debatten tek gjerne opp ulike sider ved eit aktuelt tema eller ei sak. Om deltakinga krev inngåande forarbeid, for eksempel mykje research eller ein lang introduksjon, skal dette avklarast og honorerast høgare.
<b>Vert</b>	frå kr 3 000	Verten innleier og ynskjer velkomen til arrangementet. Deltakarane blir presentert heilt kort med namn og tittel på boka det skal lesast frå. Det er ikkje forventa at verten les seg opp på bøker eller tekstar av deltakarane.



<b>Konferansier</b>	frå kr 5 200	Konferansieren ynskjer ofte velkomen til arrangementet, formidlar praktisk informasjon, bind saman programpostane og introduserer deltakarane med korte innlegg, gjerne forma med eigne ord. Om oppdragsgjevaren ynskjer at konferansieren les seg opp på bøker av deltakarane eller går i samtale med deltakarane, klarlegg ein dette i invitasjonen og bruker satsen for leiar av litterær samtale eller satsen for programleiar.
<b>Programleiar</b>	frå kr 10 000	Rolla krev gjerne omfattande forarbeid som for eksempel å gå i dialog med oppdragsgjevaren, skrive presentasjonar, sjå samanhangar og binde saman programpostane til ein større heilskap.
<b>Skrivekurs – inntil 2 timar</b>	frå kr 4 200	Om skrivekurset varar lengre enn 2 timar med den same gruppa den same dagen, legg ein til satsen som gjeld per ekstra time. Om skrivekurset fortset ein annan dag eller forfattaren møter ei anna gruppe same dag, bruker ein på nytt satsen for skrivekurs inntil 2 timar.
<b>Skrivekurs – per ekstra time</b> (same gruppe same dag)	frå kr 1 500	Gjeld per ekstra time med same gruppe den same dagen.
<b>Tekstbidrag</b>	etter avtale	Norsk Forfattersentrum kan fakturere honorar for tekstbidrag som bokmeldingar, kronikkar, artiklar, bidrag til aviser, blad og tidsskrift. Honoraret må avklarast mellom oppdragsgjevar og forfattar i kvart enkelt tilfelle. Norsk journalistlag, Norsk kritikerlag og Dramatikerforbundet har rettleiande satsar som det kan vera nyttig å sjå på.  Lov om opphavsrett til åndsverk mv. (åndsverkloven) finn du her: <a href="#">Lenke</a>
<b>Bruk av tekst</b> (når andre enn forfattaren les opp)	frå kr 300	Bruk av tekst skal alltid godkjennast av rettshavar i forkant. Når andre enn forfattaren les opp ein tekst, skal det betalast vederlag til forfattaren. Om det blir brukt mykje tekst eller teksten blir omarbeidd og teke inn i ein større produksjon eller forestilling, skal dette avtalast særskild og honorerast høgare. Forfatterforeningane og -organisasjonane er i ein prosess med m.a. Bibliotekforeningen om gode overordna ordningar kring åndsverk og vederlag, som skal bidra til ei auke i litteraturformidlinga på bibliotek.
<b>Bruk av illustrasjonar</b> (når andre enn illustratøren er formidlar)	frå kr 300	Bruk av illustrasjonar skal alltid godkjennast av rettshavar i forkant. Når andre enn illustratøren er formidlaren, skal det betalast vederlag til illustratøren. Om det blir brukt mange illustrasjonar eller dei blir omarbeidd og teke inn i ein større produksjon eller forestilling, skal dette avtalast særskild og honorerast høgare.



<b>Konsulentuttale – manus under 200 sider</b>	frå kr 4 200	<p>Forfattarar kan hyrast inn som manuskonsulentar. Konsulenten gjev tilbakemelding på eit heilt manus eller delar av eit manus som er under arbeid. Norsk Forfattersentrum kan hjelpe manusforfattaren med å finne riktig manuskonsulent.</p> <p>Ei konsulentuttale er som regel 1–3 sider lang. Konsulentuttala inneheld tilbakemelding på eit overordna plan, gjerne med korte analysar av:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• innhald og tematikk</li> <li>• oppbygging og forteljartekniske grep</li> <li>• språklege verkemiddel</li> <li>• kva som er interessant eller vellykka ved manuset</li> <li>• kvalitet med tanke på utgjeving på eit forlag</li> <li>• viktige forbettringspunkt</li> </ul> <p>Det vil variere kva manuskonsulenten legg vekt på i uttala. Nokre konsulentar vel å skrive enkelte kommentarar direkte i manuset, men det er ikkje forventa. Om det er noko manusforfattaren ynskjer at manuskonsulenten ser spesielt på, så er det lurt å forklare dette på førehand. Manus skal ha 12 punkt skrift, dobbel lineavstand og 2,5 cm marg.</p>
<b>Konsulentuttale – manus over 200 sider</b>	frå kr 6 200	
<b>Konsulentuttale – tillegg for munnleg tilbakemelding eller møte</b>	frå kr 1 500	<p>Om manuskonsulenten gjev manusforfattaren munnleg tilbakemelding eller diskuterer manuset i eit møte, skal dette honorerast i tillegg til konsulentuttala.</p>



## Digitale oppdrag

### Honorar

Alle forfatteroppdrag som fell inn under dei definerte oppdragstypene skal honorerast. For å finne riktig minstesats tek ein utgangspunkt i oppdragstypen (sjå tabellen over) og strøymemåten (sjå tabellen under). Enkle intervju fell utanfor oppdragstypene er ikkje nøydd til å bli honorert.

Strøymemåte	Minstesats	Forklaring
<b>Direktestrøyming</b>	minstesats for oppdragstypen	Direktestrøyming av fysiske arrangement til private heimar skal minimum honorerast med minstesatsen for oppdragstypen.
<b>Direktestrøyming til fleire arenaer</b>	minstesats for oppdragstypen + 50 % + 10 % i tillegg per arena	Direktestrøyming til andre visningsarenaer (eksempelvis litteraturhus, bibliotek, festivalar m.m.) skal minimum honorerast med minstesatsen for oppdragstypen + 50 % for strøyming, og i tillegg 10 % for kvar arena som tek imot strøyminga. Eksempel 1: Skal arrangementet strøymast frå eitt bibliotek til eitt anna, skal dette minimum honorerast med minstesatsen for oppdragstypen + 50 % + 10 % (med andre ord minstesatsen x 1,60). Eksempel 2: Skal arrangementet strøymast frå eitt bibliotek til tre andre, skal dette minimum honorerast med minstesatsen for oppdragstypen + 50 % + 30 % (med andre ord minstesatsen x 1,80).  Norsk Forfattersentrum kan sende samla faktura til hovudarrangøren eller delfaktura til kvar enkelt visningsarena. Dersom opptaket skal visast som eit eige arrangement seinare, skal dette avklarast og honorerast på nytt.
<b>Opptak</b>	minstesats for oppdragstypen + 50 %	Når det blir gjort opptak av eit fysisk arrangement og opptaket blir liggjande ute på nett i eit lengre tidsrom enn den direktestrøymde sendinga, skal oppdraget minimum honorerast med minstesatsen for oppdragstypen + 50 %.
<b>Podkast og video</b>	minstesats for oppdragstypen	Podkastar og videoar som er laga spesielt for å bli sendt på nett og som ikkje har fysisk publikum til stades, skal minimum honorerast med minstesatsen for oppdragstypen. Fysiske arrangement som det blir laga podkast av skal minimum honorerast med minstesatsen for oppdragstypen + 50 %. Om podkasten er reklamefinansiert, skal dette opplysast til forfattaren ved inngåing av avtala.



<b>Strøymemåte</b>	<b>Minstesats</b>	<b>Forklaring</b>
		Om podkasten blir redistribuert, skal oppdragsgjevaren reforhandle honoraret med forfatteren. NRK har egne satsar.
<b>Skuleproduksjonar</b>	etter avtale	For digitale skuleproduksjonar som er laga spesielt for å bli sendt på nett og som ikkje har fysisk publikum til stades, må honorar avklarast i kvart enkelt tilfelle.



## **Avklaringar**

Ved digitale arrangement og produksjonar skal dette avklarast:

- type plattform for publisering (kvar fila ligg tilgjengeleg, for eksempel oppdragsgjevaren si nettside, Facebook, Youtube, Instagram, Spotify, TikTok, Soundcloud el.l.)
- format (for eksempel lydfil eller videofil)
- tidsrommet opptaket er planlagt å liggje ute
- kven som eig opptaket
- kven som eig opptaket etter avslutta strøymeperiode

## **Vilkår**

Forfattaren har rett til å godkjenne eller avvise ei kvar form for opptak, overføring eller strøyming av programposten ein deltek på. Om forfattaren godkjenner opptak eller overføring, skal oppdragsgjevaren avklare bruken av opptaket og vederlaget ved inngåing av avtala.

Forfattaren har til ei kvar tid rett til å be om at eit opptak blir teke ned frå nettet. Dette er definert av GDPR.

Om opptaket eller sendinga blir redistribuert, skal oppdragsgjevaren reforhandle honoraret med forfattaren.

Lov om opphavsrett til åndsverk mv. (åndsverkloven):

[https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2018-06-15-40#KAPITTEL\\_1](https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2018-06-15-40#KAPITTEL_1)

